



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 11.05.2016

Møtestad: Kommunestyresalen

Møtetid: 16:30 - 21:00

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 03.05.16 og møtet var kunngjort i pressa 15.04.16.

I starten av møtet var det følgjande orienteringar:

- Nye Region Bergen reiseliv v/Ole Warberg (reiselivsdirektør, Bergen reiselivslag)
- Sambandet Vest v/Ivar Ådlandsvik (dagleg leiar i Sambandet Vest A/S)
- Flyktningfadder-ordninga
- Sektorsjef teknisk Anny Bastesen - plansaker
- Plankonsulent Alexander Helle - områdeplan Midtmarka/Rotemyra

Det vart halde gruppemøte frå kl. 20:30 - 20:35.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 18:35 - 18:45 og frå kl. 19:50 - 19:55.

Erling Rønnestad fekk permisjon frå kl. 20:30.

Av 27 medlemmer var 27 til stades ved handsaming av sak 39 - 46.

Av 27 medlemmer var 26 til stades ved handsaming av sak 47.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Asbjørn Larsen	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliusen	H	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	FrP	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem

Rune Lekven Skår	SP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Beate Seveline Eknes	V	Medlem
Karina Garnes Reigstad	MDG	Medlem
Morten Klementsen	BF	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Leif Johnsen	MDG

Desse møtte frå administrasjonen: Rådmann Ingvild Hjelmtveit, personal og organisasjonssjef
Kari Anne Iversen.
Sektorsjef teknisk Anny Bastesen og plankonsulent Alexander Helle var til stades ved orienteringane.

12. mai 2016

Øyvind H. Oddekalv
ordførar

Randi Hilland
konsulent

Nils Marton Aadland
varaordførar

Sakliste

Saknr	Tittel
39/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
40/2016	Godkjenning av møtebok
41/2016	Referatsaker
42/2016	Orientering om status kommunestruktur
43/2016	Selskapskontroll Meland kommune 2016 - 2019
44/2016	TV-overføring av kommunestyremøte
45/2016	Søknad om fritak frå politiske verv
46/2016	Innmelding i sykkelbynettverket
47/2016	Interpellasjon TISA

39/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

Det ligg føre interpellasjon frå Bygdelista Folkeviljen i Meland v/Morten Klementsen som ordførar vil svare på i slutten av møtet.

Interpellasjonen og svaret frå ordførar Øyvind H. Oddekalv vart delt ut i møtet.

KS - 39/2016 VEDTAK:

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

40/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

"Møtebok frå møte 27.04.16 vert godkjent."

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

KS - 40/2016 VEDTAK:

"Møtebok frå møte 27.04.16 vert godkjent."

41/2016: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

"Meldinga vert teken til orientering."

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

KS - 41/2016 VEDTAK:

"Meldinga vert teken til orientering."

42/2016: Orientering om status kommunestruktur

Rådmannen sitt framlegg:

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

Det vart orientert om følgjande:

Ordførar:

- Takka for at alle partia stilte på folkemøte på rådhuset 9. mai
- Nytt møte i forhandlingsutvalet 24. mai - der resultatet av folkerøystinga vert lagt framder innspel som er komne inn vert tekne med
- Skal sjå på innspel og leggje fram endeleg intensjonsavtale på kommunestyremøtet 22. juni
- Ordførar vil ta initiativ til å samle gruppeleiarane etter folkerøystinga.

Sigmund Larsen:

- Ber politikarane oppfordre innbyggjarane til å stemme
- Takkar for eit godt folkemøte og støttar at tal på politikarar i kommunestyret i ein event. storkommune vert utvida frå 43 slik det står i intensjonsavtalen

Per Kristian Holmetun:

- Meiner det er uheldig dersom det berre er gruppeleiarane som skal samlast etter folkerøystinga.

KS - 42/2016 VEDTAK:

"Kommunestyret tek orienteringane til vitande."

43/2016: Selskapskontroll Meland kommune 2016 - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden.

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

KS - 43/2016 VEDTAK:

"I denne planperioden 2016 – 2019 skal det gjennomførast selskapskontroll i følgjande selskap:

- Meland Utbyggingsselskap AS

Planen for selskapskontroll kan reviderast etter behov i løpet av perioden."

44/2016: TV-overføring av kommunestyremøte**Rådmannen sitt framlegg:**

Kommunestyret i Meland er positive til å starte opp overføring av politiske møter via web.

Kommunestyret godkjenner at det vert brukt inntil kr 120 000, av unytta lønemidlar for å få på plass naudsynt utstyr og programvare for kommuneTV- løysing.

11.05.2016 KOMMUNESTYRET**KS - 44/2016 VEDTAK:**

"Kommunestyret i Meland er positive til å starte opp overføring av politiske møter via web.

Kommunestyret godkjenner at det vert brukt inntil kr 120 000, av unytta lønemidlar for å få på plass naudsynt utstyr og programvare for kommuneTV- løysing. "

45/2016: Søknad om fritak frå politiske verv**Rådmannen sitt framlegg:**

«Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode. Som nytt varamedlem til Utval for levekår vert vald.....»

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

Kommunestyret utset val av nytt varamedlem til Utval for levekår.

KS - 45/2016 VEDTAK:

"Kommunestyret godkjenner at Ida Cecilie Alvær får fritak for alle politiske verv ut gjeldande periode."

46/2016: Innmelding i sykkelbynettverket

Rådmannen sitt framlegg:

«Kommunestyret godkjenner at Meland kommune melder seg inn i Sykkelbynettverket.»

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

KS - 46/2016 VEDTAK:

«Kommunestyret godkjenner at Meland kommune melder seg inn i Sykkelbynettverket.»

47/2016: Interpellasjon TISA

Rådmannen sitt framlegg:

11.05.2016 KOMMUNESTYRET

Svar på interpellasjon frå Bygdelista Folkeviljen i Meland v/Morten Klementsen

To store internasjonale frihandelsavtalar er for tida under forhandlingar, TTIP (Transatlantic Trade and Investment Partnership) og TISA (Trade in Service Agreement). Noreg er ikkje med i TTIP-forhandlingane, dei er mellom EU og USA, men er ein aktiv pådrivar i prosessen. TISA, derimot, blir forhandla mellom dei 50 rikaste landa i verda, her har Noreg sin plass. Denne prosessen skal føre til ein internasjonal frihandelsavtale om tenesteyting.

Både TTIP- og TISA-forhandlingane er prega i stor grad av at innhaldet er halde hemmeleg. Dette er eit klart demokratisk problem, deltagarane er velståande nasjonar og store internasjonale konsern med klare eigeninteresser.

Informasjon som er lekka frå forhandlingane tyder på at TISA-avtalen vil føre til auka og irreversibel privatisering av offentlege tenester, i tillegg til svekka arbeidstakarrettar og –vilkår, samt forbrukarrettar og miljø. Det er ein trussel mot fagrørsla, miljøet og ikkje minst fellesskapen sine velferdsrettar.

Samstundes er Noreg ein liten aktør internasjonalt, og vi er heilt avhengige av at det fins felles speleregler og forutsigbarhet på på handelsområdet. Derfor har Noreg som nasjon interesse av at TISA-forhandlingane som gjeld felles reglar på tenesteområdet fører fram. Vi er i dag med i GATS-avtalen, den eksisterande avtalen for frihandel innan tenesteyting.

Det er viktig at det blir stilt krav til innhaldet i avtalen, og det er viktig å ansvarleggjere regjeringa i denne saka. På denne bakgrunnen ønskjer ordføraren å fremje eit alternativt framlegg til vedtak i tre punkt, dersom kommunestyret ønskjer dette, som på mange vis og ivaretar intensjonen i framlegget til representanten Klementsen.

Framlegg til alternativt vedtak:

- Meland kommune støttar opp om kampanjen om TISA-frie kommunar.
- Meland kommune vil vere ein kommune der tvungen kommersialisering av offentlege tenester gjennom irreversible avtalar ikkje blir akseptert.
- Meland kommune forventar at regjeringa utarbeider og sender på høyring, i god tid før TISA-avtalen blir inngått, ein konsekvensanalyse for korleis avtalen verkar inn på handlefridomen, budsjettet og tenesteytinga til kommunane.

Det vart røysta over realitetsbehandling av saka eller avvise saka.

Avrøysting:

**Saka vert avvist med 11 røyster (H, FrP, V),
15 røysta for realitetsbehandling (AP, SP, KrF, MDG, BF)**

KS - 47/2016 VEDTAK:

"Saka vert avvist."
